



ÅRSMELDING - BØMLO BÅTLAG - 2012

Bømlo Båtlag (BBL) har pr 31.12.12 **73** medlemer. I løpet av året har laget betalt ut 1 medlem for båtplass. 2 nye har kjøpt seg inn.

Styret har i 2012 vore samansett slik:

Leiar: Jon Helge Talmo

Nestleiar: Nils Olson

Kasserar: Kristen Thorsen

Skrivar: Kåre Bogetveit

Styremedlem: Eivind Kallevåg

Styremedlem: Leif Toft

Vara: Tjerand Pettersen

Einar Vestvik

Etter styret hadde konstituert seg, vart Kristen Thorsen utpeikt til hamnesjef

Det har vore 10 styremøte i tillegg til årsmøtet. Styremedlemmene har også dette året utført ein del arbeid utanom desse møta.

Styret ønskjer å nytta høvet til å takka alle dei medlemmene som ikkje har båt, men som likevel er med å driva BBL - både i form av kontingent og dugnadsinnsats!

FISKEKONKURRANSE

Fiskekonkurransen vart arrangert 23.juni, etter samme opplegg som tidlegare. Også i 2012 var dette eit vellukka arrangement som gav oss 15 500 kr i inntekter. Stor takk til dei i arrangementskomiteen for svært bra utført jobb!

Arrangementskomiteen har vore:

Ruth Lillian Lønning

Oddbjørg Vika

Evy Hovland

Torill Barane

Katja Dienemann

KYSTSOGEDAGANE

BBL var med på å arrangera Kystsogedagane 25.-26. august. Etter arrangementet vart det drøfta om dette er noko me skal vera med på vidare. Alle som var med å arrangera var einige at det må tenkjast nytt.

BBL sin del av inntektene utgjorde 8 275 kr.

NYE SEKSJONAR I FLYTEBRYGGA

Me held fram med oppgradering av den gamle flytebrygga. I 2012 vart det skifta ut to gamle seksjonar. Dette var ein del av dugnadsarbeidet, og ei oppfølging av planen for å skifta ut heile den gamle brygga.

Dei gamle seksjonane vart lagt ut for sal. Pris for kvar seksjon vart sett til 5 000 kr. Begge er no selde.

DUGNAD

Medlemmene har utført **527 timer** med dugnad i 2012

Av oppgåver som vart utførte:

- Utskifting av seksjonar – flytebrygge
- Anna vedlikehald

GRASROTANDELEN

Medlemmene er oppfordra til å registrera BBL som mottakar av grasrotandelen på spillekortet frå Norsk Tipping. Dette gav oss 3200 kr 2012.

SPONSORAVTALE HAUGESUND SPAREBANK

Styret har forhandla fram ny sponsoravtale med Haugesund sparebank. Dei er vår hovudsponsor og går inn med 20 000 kr kvart år.

NY AVTALE MED BØMLO SKIPSSERVICE OM OPPTAK

BBL har fått justert avtalen med Bømlo skipsservice. Noko går på pris, men også på krav om eit visst tal på båtar.

DIVERSE

- Innbrot i bua i sommar. Noko kontantar + eit par redningsvestar vart stolte.
- Det vart heller ikkje i 2012 arrangert medlemsfest. Oppmoding til arrangementskomiteen om å laga dette til i 2013!
- Asfaltering er ikkje utført, men styret følgjer denne saka vidare.
- Fortøyinger på den gamle flytebrygga er under observasjon – skal skiftast om nødvendig.

Bømlo 05.02.12

Kåre Bogetveit

Skrivar